

Tilskotsordning for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere for 2018

1. Innleiing

Rundskrivet er utarbeidd av IMDi og er basert på regelverk fastsett av Justis- og beredskapsdepartementet 19. desember 2017, med grunnlag i Stortinget sitt budsjettvedtak av 18. desember 2017 og Prop. 1 S (2017-2018) for kap. 497, post 60.

Tilskotsordninga består av persontilskot og grunntilskot.

IMDi forvaltar tilskotsordninga.

2. Mål for ordninga

2.1. Hovudmål

Målet med tilskotsordninga er at kommunane gjev tilbod om opplæring til voksne innvandrere med rett og plikt eller berre rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, slik at dei lærer tilstrekkeleg norsk til å kunne fungere i yrkes- og samfunnslivet.

2.2. Delmål

Tilskotsordninga skal fremje effektivitet, gjennomstrøyming og resultat i opplæringa.

Grunntilskotet skal i tillegg betre dei økonomiske rammevilkåra for små og mellomstore kommunar når det gjeld opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere.

2.3. Målgruppe

Voksne innvandrere som har rett og plikt eller berre rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap jf. § 17 i introduksjonslova, og som har fått opphaldsløyve frå og med 1. januar 2016.

3. Tildelingskriterium

3.1. Persontilskot

3.1.1 Inngangskriterium

For personar som er i målgruppa og som bur i mottak, blir tilskotet utbetalt til vertskommunen for mottaket.

For personar som er i målgruppa og som ikkje bur i mottak, blir tilskotet utbetalt til bustadkommunen. Det er den folkeregistrerte adressa til personar som er styrande for kva for ei kommune som vert rekna som bustadkommune.

For personar som kjem inn i målgruppa frå og med 1. januar 2018, må kommunen registrere vedtak om opplæring eller framsett krav/søknad om deltaking i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR), for at tilskotet

skal bli utbetalt. Tilskotet vil bli utbetalt til vertskommunen for mottak for personar som bur i mottak og til bustadkommunar for personar som ikkje bur i mottak.

For personar som kom inn i målgruppa før 1. januar 2018, er det ikkje krav om at kommunen må registrere noko i NIR eller søke om tilskotet for at tilskotet skal bli utbetalt.

Dersom kommunen meiner å ha krav på tilskot for personar som ikkje er registrert i NIR, kan kommunen melde frå om dette til IMDi via Kontaktsenter for IMDinett.

3.1.2 Vurderingskriterium

Utbetalinga av persontilskot for personar i målgruppa skjer over maksimalt tre år. For personar som kjem inn i målgruppa i 2018, vert persontilskot år 1 utbetalt. For personar som kom inn i målgruppa i 2017 og 2016, vert persontilskot år 2 og år 3 utbetalt.

Inngangen til tilskotets målgruppe er ved innvilga førstegongs opphaldsløyve som gjev grunnlag for permanent opphaldsløyve. For nokre personar kan den totale tilskotsperioden bli under tre år. Dette gjeld personar som kom inn i målgruppa fordi dei blir 16 år i løpet av tilskotsperioden, men var under 16 år då dei fekk sitt opphaldsløyve som gav grunnlag for permanent opphaldsløyve. Dette gjeld også for personar som går frå å berre ha plikt til å ha rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap i løpet av tilskotsperioden.

Persontilskot har to satsar. Ein høg sats for personar frå Afrika, Asia, Oseania (unntatt Australia og New Zealand), Øst-Europa, Sør-Amerika og Mellom-Amerika. Låg sats gjeld for personar frå Vest-Europa, Nord-Amerika, Australia og New Zealand. Tabellen nedanfor syner satsane for 2018. I kolonnen 'tilskotsår' indikerer årstala det året som personane som utløyser persontilskotet kom inn i målgruppa.

SATSAR FOR PERSONTILSKOT FOR 2018

Tilskotsår	Låg sats	Høg sats
År 1 (2018)	13 600 kroner	31 900 kroner
År 2 (2017)	24 100 kroner	62 300 kroner
År 3 (2016)	15 000 kroner	43 350 kroner

3.1.3 Utbetaling av persontilskot

Persontilskot år 1 for 2018 blir utbetalt for personar som kjem inn i målgruppa frå og med 1. januar 2018. Tilskotet blir utbetalt tidlegast i kvartalet etter at kommunen har registrert vedtak om opplæring eller framsett krav om deltaking i NIR. Tilskota blir utbetalt medio mai, medio august og medio november. For personar som kjem inn i målgruppa i 4. kvartal 2018, vil tilskotet bli utbetalt tidlegast medio februar 2019. I februar 2018 vil det bli utbetalt tilskot for personar som kom i målgruppa i 4. kvartal 2017.

Persontilskot år 2 og år 3 for 2018 blir utbetalt for personar som kom inn i målgruppa i 2016 og 2017. Tilskota blir utbetalt til vertskommunen for mottaket for personar som bur i mottak og til bustadkommunen for personar som ikkje bur i mottak. Tidspunkt for berekning er 15. januar 2018. Tilskota blir utbetalt medio februar 2018.

Etter utbetaling sender IMDi tilskotsbrev til kommunen sine elektroniske postmottak. Kommunen kan også sjå opplysningar om utbetalt tilskot i NIR.

Tabellen nedanfor syner utbetalingane av persontilskot for 2018:

Tilskotstype	Utbetalingsdato	Utbetalinga gjeld
Persontilskot år 1	15. mai 2018	Nye personar i målgruppa og som er registrert med vedtak/søknad om opplæring i NIR 1.1.-31.3.2018
	15. august 2018	Nye personar i målgruppa og som er registrert med vedtak/søknad om opplæring i NIR 1.4.-30.6.2018
	15. november 2018	Nye personar i målgruppa og som er registrert med vedtak/søknad om opplæring i NIR 1.7.-30.9.2018
	15. februar 2019	Nye personar i målgruppa og som er registrert med vedtak/søknad om opplæring i NIR 1.10.-31.12.2018
Persontilskot år 2	15. februar 2018	Personar som kom inn i målgruppa i 2017
Persontilskot år 3	15. februar 2018	Personar som kom in i målgruppa i 2016

3.1.3.1 Tilskot til oppfølgingskommune

Personar kan få opplæring i norsk og samfunnskunnskap i ei anna kommune enn bustadkommunen. Dersom oppfølgingskommunen skal få persontilskot for desse personane, må bustadkommunen ta kontakt med IMDi via Kontaktsenter for IMDinett for å få dette registrert i NIR.

3.1.3.2 Deling av tilskot til kommunar ved flytting

Dersom ein person som er i målgruppa for tilskotet flytter mellom kommunar i tilskotsåret, må personen melde frå om flyttinga til skattekontoret for at adressa skal bli oppdatert i Det sentrale folkeregisteret (DSF) og tilskotet skal bli delt mellom til- og fråflyttingskommunen. Denne adresseendringa er personar pliktig til å melde frå om innan åtte dagar etter flyttinga, jf. folkeregistreringslova § 6-1.

Tilskotet blir delt høvesmessig mellom til- og fråflyttingskommunen, basert på butid i den einkilde kommune. Den kommunen der en person har lengst butid i løpet av tilskotsåret, vil få den største andelen av tilskotet. Formelen nedanfor viser berekninga av tilskot til kommune X for eit tilskotsår:

$$\text{Tilskot til kommune X} = \text{totalt tilskotsbeløp for år i} \times \left(\frac{\text{Antal butidsdagar i kommune X i tilskotsår i}}{\text{Sum butidsdagar i ulike kommunar i tilskotsår i}} \right)$$

Denne berekninga for deling av tilskot mellom kommunar ved flytting gjeld for både persontilskot år 1, år 2 og år 3.

3.1.4.2 Tilskot ved utreise og tilskot ved tilbakevending til landet

Dersom ein person som er omfatta av tilskotsordninga flytter frå landet, beheld kommunen tilskotet som er utbetalt i det året personen forlèt landet. Deretter stansar utbetalinga. Dersom same person seinare vender tilbake til landet, vil tilskotsordninga starte opp igjen, gitt at vedkommande framleis tilhøyrar målgruppa.

3.1.4.3 Tilskot ved dødsfall

Ved dødsfall beheld kommunen heile tilskotet som er utbetalt i dødsåret. Deretter stansar utbetalinga.

3.2. Grunntilskot

3.2.1 Inngangskriterium

For personar som er i målgruppa og som bur i mottak, blir tilskotet utbetalt til vertskommunen for mottaket.

For personar som er i målgruppa og som ikkje bur i mottak, blir tilskotet utbetalt til bustadkommunen. Det er den folkeregistrerte adressa til personar som er styrande for kva for ei kommune som vert rekna som bustadkommune.

Tilskotet blir utbetalt automatisk, så kommunar skal ikkje søke om det. Det er heller ingen krav om registreringar av kommunane i NIR for at tilskotet skal bli utbetalt i 2018.

3.2.2 Vurderingskriterium

Kommunar som har mellom 1-150 personar i målgruppa for tilskotet pr. 15. januar 2018, vil få utbetalt grunntilskot.

Grunntilskot har to satsar. Ein høg sats på 575 000 kroner blir utbetalt til kommunane som har 4-150 personar i målgruppa, og ein låg sats på 185 000 kroner blir utbetalt til kommunane som har 1-3 personar i målgruppa.

Ein person kan berre vere med i berekninga av grunntilskot i maksimalt tre år. Ein person kan berre vere med i berekninga såframt personen også er i målgruppa for persontilskot.

3.2.3 Utbetaling av tilskot

Grunntilskot blir utbetalt i sin heilskap, og tilskotet blir ikkje delt mellom til- og fråflyttingskommunen dersom personar i målgruppa flytter i løpet av året.

Etter utbetaling av grunntilskot, sender IMDi tilskotsbrev til kommunen sine elektroniske postmottak. Kommunen kan også sjå opplysningar om utbetalt tilskot i NIR.

4. Kunngjering

Tilskotsordninga kunngjerast på IMDi si nettside, og på departement si nettside for tilskotsordningar.

5. Oppfølging og kontroll

Kommunane skal organisere opplæringa i samsvar med dei målsetjingar, krav og retningslinjer som er fastsett i introduksjonslova med forskrifter.

5.1 Rapporteringskrav

Opplysningar som er nødvendige for å gjennomføre, følgje opp og evaluere opplæring i norsk og samfunnskunnskap i samsvar med introduksjonslova, skal bli registrert av kommunane i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR) jf. introduksjonslova § 25. I Forskrift om Nasjonalt introduksjonsregister (NIR) er det fastsett kva for opplysningar kommunen skal registrere.

Kommunane skal ikkje legge fram særskilt rekneskap for tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar.

Dersom kommunane gjennomfører opplæringa til ein lågare kostnad enn det tilskotet dei har motteke, kan kommunane behalde tilskotet.

5.2 Kontroll

Dersom tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar er utbetalt på feilaktig grunnlag, vil det etter ei konkret vurdering kunne bli aktuelt å krevje tilbake det tilskotet som er utbetalt.

IMDi og Riksrevisjonen kan setje i gang kontroll med at midlane blir nytta etter føresetnadane jf. Bevillingsreglementet § 10, 2. ledd og riksrevisjonslova § 12, 3. ledd.

Fylkesmannen har også ein del av ansvaret for kontroll med ordninga med opplæring i norsk og samfunnskunnskap ved at dei behandlar klager på enkeltvedtak etter loven, jf. introduksjonsloven § 22 og fører tilsyn med kommunane si oppfølging av sine plikter etter introduksjonsloven, jf. introduksjonsloven § 23.

6. Foreldingsfrist

Den alminnelege foreldingsfristen er tre år rekna frå den dag då kommunen har rett til å krevje å få tilskotet, eller frå det tidspunkt kommunen tidlegast har rett til å krevje tilskotet utbetalt, jf. foreldelseslova §§ 2 og 3.

7. Klagehøve

Tildeling av tilskot og krav om tilbakebetaling av tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar, er ikkje å rekne som enkeltvedtak i samsvar med forvaltningslova (fvl.) § 2, 1. ledd bokstav b. Kommunane har derfor ikkje klagehøve på IMDi sitt vedtak om tildeling eller krav om tilbakebetaling av tilskot jf. fvl. §§ 3, første ledd og 28. Elles gjeld forvaltningslova sine saksbehandlingsreglar. Kommunane kan likevel kontakte IMDi via Kontaktsenter for IMDinett dersom dei har spørsmål om utbetalt/ikkje utbetalt tilskot.

8. Kontakt oss

Spørsmål angåande tilskotsordninga skal bli meldt i det elektroniske supportsystemet Kontaktsenter for IMDinett. Kommunen kan sjølv, ved kommuneadministrativ brukar, opprette brukarar for tilgang til IMDinett.

Med helsing
for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Ragnhild Dugstad
avdelingsdirektør

Henrik Cafer Cenar
økonomi- og tilskotssjef